

Egil Magnar Eidsnes
Eidsnesvegen 107
5913 Eikangervåg

Eidsnes 27.02.2018

Lindås kommune
Plan- og miljøutvalet,
Kvernhusmyrane 20,
5914 ISDALSTØ

MERKNAD TIL AREALDELEN AV KOMMUNEPLANEN - Bustadutvikling GBNR. 215/2 EIDSNES

Vedlagt fylgjer innspel med forslag til nytt bustadareal med to nye bueiningar, som kan nyttast som "LNF spreidd" i arealdelen av kommuneplanen. Det er gode grunner for å styrke Eikangerbygda med nytt bustadareal, og eg ynskjer å belysa desse her:

Ny skule

Lindås kommune skal byggja ny skule på Eikanger, det er difor viktig at ein legg til rette for at elevgrunnlaget kan halda fram den gode trenden me ser i dag. Området kring E-39 i Osterfjorden er og blir attraktivt, og Eikangerkrinsen vil med ny skule vera eit svært godt alternativ som sentrumsnært område. Arealdelen av kommuneplanen må leggja til rette for at skulen får nødvendig elevgrunnlag i åra som kjem.

Spreidd busetnad – mindre bustadfelt

Noko av målsetjinga for planarbeidet til Lindås kommune er òg å leggja til rette for spreidd busetnad i grendene. Eg håpar at kommunen tek ansvar med planforslaget slik at Eikangerkrinsen både på kort og lang sikt kan oppretthalda den gode veksten bygda har.

Stort behov

Dei siste 5-10 åra har grenda hatt flott vekst, og Lindås kommune skal ha sin del av æra for at ei slik utvikling har vore mogleg. Eksisterande felt er no bygd ut, og det er pr i dag svært vanskeleg å skaffe seg tomt eller hus i bygda. Arealdelen av kommuneplanen for Eikangerkrinsen dekkjer ikkje behovet for nytt bustadareal, og treng reviderast for at denne skal vera eit godt verktøy for å nå målsetjingane med planarbeidet.

Flaskehals - Fyllingsnesfeltet

Det er usikkert kva tid Fyllingsnesfeltet let seg realisere, og dette må ikkje koma i vegen for andre gode innspel frå bygda. For at kommunen skal få ein plan som er i samsvar med behova for Eikangerbygda lyt ein leggja til rette for spreidd busetnad andre stader og sørgja for eit positivt utbyggingsmønster.

Gjeldande kommuneplan

Arealdelen av kommuneplanen møter ikkje etterspørsel og behov for ei sunn bustadutvikling i bygda. Lindås kommune gjorde i september 2011 eit einstemmig vedtak om at administrasjonen skulle få ytterlegare bustadareal inn i planen. Det vart innrømma både frå administrativ og politisk hald at Eikangerkrinsen med fordel kunne fått meir bustadareal regulert inn i eksisterande plan. Arbeidet vart dessverre aldri fullført grunna ressursmangel, så eg håpar de nyttar sjansen til å rette opp i dette no.

På kartet er det merka forslag til to nye tomter (merka "Ny") som i dag er registrert som LNF-område. Eg ynskjer at kommunen kan endra status på arealet til "LNF spreidd" e.l., slik at det kan nyttast til bustadformål.

Forslag på to bustadtomter

Infrastruktur - Vei, vann, avløp, strøm


Dei to tomtane (merka "Ny" på bilete under) er plassert tett inntil to bustadtomter der all infrastruktur til vatn og avløp allereie er på plass (nytt 2017). Ny lovleg avkjørsel frå tomtane og inn i fylkesvegen er også laga siste året. I tillegg er det i området nyleg kome opp ny transformator med auka kapasitet. Det er med andre ord lite behov for utbygging av ny infrastruktur for desse tomtane. Ei beskjedne utbygging med kun to einingar vil heller ikkje koma i konflikt med statlege retningslinjer for bustadareal- og transportplanlegging.

Kulturlandskap/Biologisk mangfald/strandsoner

Området er skrint med lauvskog og er heller ikkje det rikaste med omsyn til vegetasjon og dyreliv. Tiltaket ligg tett inntil eksisterande bustad og høver godt til bustadformål. Forslaget kjem ikkje i konflikt med strandsoner eller dyrka mark. Det må også poengterast at administrasjonen etter synfaring på staden i 2014 tilrådde ei større utbygging på 10 da i akkurat same området som no omsøkte to bustadtomter.

Attraktivt-høg måloppnåing

Området ligg solrikt til i skrånande retning mot sørvest, og gjev god plass til 2 nye bustadtomter. Forslaget kan òg sjåast på som ei fortetting av eksisterande busetnad, og etter mitt skjønn er det godt eigna for bustadformål. Eg håpar difor kommunen er positive til framlegget, og inkluderar arealet til bustadformål i den nye kommuneplanen.



Eg imøteser konstruktiv dialog for tilrettelegging av nytt bustadareal i henhold til vedlagte innspel.

Med venleg helsing

Egil Magnar Eidsnes

Mobil: 90474029

Vedlegg Bilete

VEDLEGG



Bilete av skråninga innanfor planområdet der ein tydeleg kan sjå at det er eit skrint vegetasjonsdekke.

Omsøkte område ligg i ein bratt og kupert skråning med skrint jorddekke og er såleis ueigna til jordbruksareal. Tomtene si avgrensinga er trekt godt unna jordbruksareal, og vil ikkje ha noko innverknad på dei tilgrensande jordbruksareala.